



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 07.03.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Per Svein Krøvel	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Lars Fjærvold	Ingeniør teknisk sektor, OS 46/17
Per Heltne	Arealplanleggar, PS 39/17
Henrik Skovly	Økonomisjef, OS 47/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 37/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 38/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 46/17	Volda fiskerihamn – overtaking
OS 47/17	Rekneskapsresultat Volda kommune
PS 39/17	Spørsmål om løyve til oppstart av privat reguleringsplan for gnr 30 bnr 157 og 286 m.fl på Rotset. Avslutning av "Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora II og Sp1-5.
PS 40/17	Søknad om økonomisk støtte til nytt lokale i høve riving av gamleskolen i Austefjorden
PS 41/17	Vurdering av takst i høve matpengar ved Hamna dagsenter
PS 42/17	Orienteringssak
OS 48/17	Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 16.02.2017
OS 49/17	Tenestetilbodet i Møre og Romsdal
OS 50/17	Klage frå Nesset kommune over avgjersle frå politidirektoratet om lokal struktur i indre Nordmøre
PS 43/17	Referatsaker
RS 4/17	Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta - Svar på søknad om fråvik for flyplasskryssset

PS 37/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om saksgangen til PS 39/17. Ordføraren informerte om at saka skal handsamast i neste kommunestyremøte.

Sakliste:



VOLDA KOMMUNE

Orienteringar og spørsmål innleiingsvis i møtet:

Arbeidsmøte Hornindal 27.03.2017

Ordføreren informerte om program for arbeidssamling 27.03.2017 i Hornindal. Formannskapet var samde om at i tillegg til formannskapsmedlemene, skal gruppeleiarane og leiarane for forvaltningsutvalet og driftsstyret inviterast til samlinga.

Lokale til fredagsbøn

Ordføreren viste til førespurnad om leige av lokale for fredagsbøn. Vidare vart det informert om at det muslimske miljøet ynskjer å skipe eiga meinigheit i Volda og at kommunen vil gi ordinær støtte til denne, på lik linje med andre trusamfunn.

Volda sentrum - arkitektur

Gunnar Strøm viste til Kari Hasle sitt arbeid med kartlegging av Volda sentrum sin arkitektoniske utvikling. Han reiste spørsmål om dette kunne vere interessant å få presentert i formannskapet eller kommunestyret.

Informasjonsplakatlar

Gunnar Strøm reiste spørsmål om innhaldet i informasjonsplakatane, som er plasserte rundt om i kommunen. Plakatane er gamle og gir ikkje eit rett informasjonsgrunnlag. Anders Egil Straume, medlem i Destinasjon Volda, opplyste om at dette er under arbeid i Destinasjon Volda.

Røysting:

Innkallinga, med spørsmål frå Margrete Bjerkvik, vart samrøystes godkjent.

Saklista, med informasjon frå ordføreren og spørsmål frå Gunnar Strøm, vart samrøystes godkjent.

PS 38/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 21.02.2017, vart samrøystes godkjent.

OS 46/17 Volda fiskerihamn - overtaking

Lars Fjærvold frå teknisk sektor orienterte om saka. Volda hamn vert ikkje lenger definert som ei fiskerihamn. Kystverket ynskjer å avhende hamna og Volda kommune har fått førespurnad om å kjøpe hamna. Formannskapet kom med innspel til saka.



OS 47/17 Rekneskapsresultat Volda kommune

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte formannskapet om førebels rekneskapsresultat for 2016 i Volda kommune.

PS 39/17 Spørsmål om løyve til oppstart av privat reguleringsplan for gnr 30 bnr 157 og 286 m.fl på Rotset. Avslutning av "Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora II og Sp1-5.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med grunnlag i framlagde ide-skisser for utbygging av området, datert 19.01.2017, lagt fram av Sporstøl Arkitekter AS på vegne av Sunnmøre Invest AS, finn formannskapet å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).*
- 2. Framlagd ideskisse datert 19.01.2017, kan vere retningsgjevande for planlagt arealbruksformål, men vil ikkje vere bindande for endeleg utforming av plan. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.*
- 3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan.*
- 4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.*
- 5. Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.*
- 6. Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens egne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.*
- 7. Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området.
Ein endra arealbruk som skissert er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.*



VOLDA KOMMUNE

8. *Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora II og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.*

Handsaming:

Ope brev til Volda kommune frå Rotset grendalag og naboane på Rotset, vart ettersendt 06.03.17.

Sakshandsamar Per Heltne var til stades under handsaminga av saka.

Gunnar Strøm kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting (ni røysteføre):

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 07.03.2017:

Saka vert utsett.

PS 40/17 Søknad om økonomisk støtte til nytt lokale i høve riving av gamleskulen i Austefjorden

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden om økonomisk støtte Austefjord Bygdekvinnelag til nytt lokale i høve riving av gamleskulen i Austefjorden.

Handsaming:

Odd Harald Sundal, Volda SP, kom med slikt framlegg:

Volda formannskap løyver tilskot på kr. 25.000,- til Austefjord bygdekvinnelag som kompensasjon for bortfall av lokale i den nyst rivne gamleskulen der dei har hatt sine lokaler. Inndekning av kostnaden vert å ta frå formannskapet sin reservepost.

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Odd Harald Sundal. Framlegget frå Odd Harald Sundal vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 07.03.2017:

Volda formannskap løyver tilskot på kr. 25.000,- til Austefjord bygdekvinnelag som kompensasjon for bortfall av lokale i den nyst rivne gamleskulen der dei har hatt sine lokaler. Inndekning av kostnaden vert å ta frå formannskapet sin reservepost.



PS 41/17 Vurdering av takst i høve matpengar ved Hamna dagsenter

Administrasjonen si tilråding:

Matpengane ved Hamna dagsenter har ikkje vore endra sidan 2015 og kommunestyret har i K-sak 166/16 vedteke å fasthalde dette nivået også for 2017. Formannskapet syner til saksutgreiinga og finn ikkje å ta initiativ til ny handsaming av matpengane for Hamna dagsenter for 2017.

Handsaming:

Fride Sortehaug kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting (ni røysteføre):

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 07.03.2017:

Saka vert utsett.

PS 42/17 Orienteringssak

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

OS 48/17 Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 16.02.2017

OS 49/17 Tenestetilbodet i Møre og Romsdal

OS 50/17 Klage frå Nettet kommune over avgjersle frå politidirektoratet om lokal struktur i indre Nordmøre

PS 43/17 Referatsaker

Det var ingen merknader til referatsaka.



VOLDA KOMMUNE

RS 4/17 Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta - Svar på søknad om fråvik for flyplasskrysset

Møtet slutt kl. 14.00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
08.03.2017

Sonja Håvik
konsulent